




Årsrapport 2013



Gudbrandsdalsmusea

Innhald

1. Samfunnsoppdrag	s 2
2. Samlingsforvaltning og arkiv	s 12
3. Forsking og utvikling	s 15
4. Formidling	s 17
5. Dokumentasjon	s 19
6. Bygg/antikvarisk arbeid	s 20
7. Mangfald og univesell utforming	s 21
8. Personale	s 22

Vedlegg

1	Tiltaksplan
2	Besøksstatistikk
3	Samlingar
4	Styreårsmeding

Gudbrandsdalsmusea AS er regionmuseum for Gudbrandsdalen. Vi er driftsorganisasjon eigd av dei 9 kommunane saman med eigarselskapa for dei ulike avdelingane. Våre avdelingar i alle 9 kommunane er.

Skjåk Opplandsarkivet

Lom Avd. Norsk Fjellmuseum, Lom Bygdamuseum og Stavkyrkjesenteret

Vågå Jutulheimen Bygdemuseum og Opplandsarkivet med folkemusikkarkiv

Lesja Lesja Bygdemuseum

Dovre Opplandsarkivet, Einbustugu og Bygningsvernnavdeling på Hjerleid

Sel Bergverksutstilling og felleskontor/adm. adresse for selskapet.

Nord-Fron Gudbrandsdal Krigsminnesamling

Sør-Fron Dale-Gudbrands gard: Pilegrimssenter, Oppland fylkes tusenårstad, Gardsbutikk og Opplandsarkivet/ folkemusikkarkiv – samt kontor for direktøren

Ringebu Stavkyrkjeutstillinga i Ringebu Prestegard

I tillegg har vi regionale stillingar med ansvar for marknadsføring, samlingar, formidling, regional arkeolog, regional bygningsvernrådgjevar, industriregistrator og administrasjon

Vi jobbar med den historiske dimensjonen i samfunnsutviklinga i Gudbrandsdalen, med natur- og kulturhistorie, med materiell og immateriell kulturarv. Vi dokumenterer, samlar, forvaltar, forskar og formidllar og er ein regional utviklingsaktør for vårt område..

Vi inspirerer samtid og framtid.

1. Samfunnsoppdrag

Avd. 1 Felles adm., Dale-Gudbrand, Otta bergverk/industriregistrator

1.1. Samfunnsoppdrag

Å vera regionmuseum for både det geografiske og dei tematiske områda i Gudbrandsdalen. Vi femner materiell og immateriell kultur/ naturarv og kunst for Gudbrandsdalen med nasjonalt ansvar for fjellturisme og ferdsel i fjellet via Norsk Fjellmuseum..

Vi skal vera ein aktiv regional aktør, særleg innan kulturbasert reiseliv, skule/skuleformidling og kunnskapsoppbygging. Vi skal med vår kunnskapsbase bidra med historisk kjeldegrunnlag for samfunnsdebatten i regionen og nasjonalt.

Bemanning: Administrasjonen ved museet er lokalisert til Hundorp med direktør, vi kjøper rekneskap- og lønningstenester frå Snøhetta Regnskap. I tillegg har vi ein 40 % industriregistrator med kontor på Otta.

1.2 Primærverksemd

Gudbrandsdalsmusea er eit tverrfagleg regionmuseum for 9 kommunar i Gudbrandsdalen (nord- og midtdalen), Pilegrimssenteret med ansvar for leden frå Vingrom/Brøttum til Nord-Sel, og folkemusikkarkiv for sørdalen. Vi driftar 16 avdelingar, herunder 3 friluftsmuseum, 5 avdelingar av Opplandsarkivet, 2 stavkyrkjesenter/utstillingar, spesialtemaavdelingar som Gudbrandsdal krigsminnesamling og Norsk Fjellmuseum (formidling/samlingsdel), Bergverksutstilling, Oppland fylkes tusenårstad – og har regionale funksjonar for natur/ kulturhistorie i heile området.

1.3 Målgrupper

Skule, turistar, lokalbefolkninga, andre interesserte i dalen si historie.

1.4 Nettverk vi er med i

- regionale nettverk i Oppland som Opplandsarkivet, samlingsnettverk, bygningsvernnettverk og nettverk for naturhistorie i Oppland
- nasjonale nettverk som pilegrimsnettverket, nasjonalparknettverk, handverksnettverket, nettverk gjennom Virke,

- nasjonale museumsnettverk som samlingsnettverket, bergverksnettverket, kulturlandskapsnettverket og folkemusikknettverk.
- vi er og med i meir uformelle regionale utviklingsnettverk utanfor kultur/naturarvsegmenta som reiseliv, matkultur og regionkoordinerande nettverk i dalen.

Avd. 2a Lom bygdamuseum

2.1.a Samfunnsoppdrag

I 2013 har Lom bygdamuseum arbeid for å bli ein relevant kulturaktør og inkluderande møteplass i lokalsamfunnet gjennom kveldsforedrag, skuleopplegg, fest for dei frviljuge, julemarknad og deltaking i ulike forum. Gjennom sommaraktivitetar, skuleopplegg, utstilling- og dokumentasjonsprosjekt har museet hatt som mål å formidle kunnskap om lokale kulturuttrykk og skikkar.

Bemanning: I Lom har vi i mane år hatt ei 100 % stilling som avdelingsleiar. Med auka løyving frå Kulturdepartementet i 2013 kunne vi utvide staben i Lom med ei ny 100 % stilling Dette førte til at vi kunne rokkere vi funksjons/ansvarsområde. Den nye avdelingsleiaren har ansvar for all vår verksemd i Lom, herunder Presthaugen, stavkyrkjesenteret og fjellmuseet. Den tidlegare avdelingsleiaren for Presthaugen og stavkyrkjesenteret, vart samlingsansvarleg (gjenstandar) for heile museet.

2.2a Primærverksemd

Lom bygdamuseum har i 2013 hatt spesielt fokus på formidling og dokumentasjon av den særeigne vatnings- og dyrkingskulturen i regionen. Både utstillinga "vatn og korn", samt skuleopplegga om dette, har bygd opp under denne satsinga.

Museet har og arbeid med overtaking av ei gjenstandssamling knytt til vasspreiarproduksjon, eit arbeid som held fram i 2014.

Museet formidlar kunnskap om det gamle bondesamfunnet med endringsforståing av overgangen til moderne tid, materiell og immateriell kulturarv. Gjennom aktivitetar i sommarsesongen har vi synt fram

håndverk, førindustrielt gardsarbeid og hatt annan formidling i godt samarbeid med andre.

2.3a Målgrupper

Vi har hatt besøkkende frå alle målgruppene skule, turistar og pensjonistar, omtala i strategiplanen. Lokalbefolkninga er den største brukargruppa. I 2013 har museet hatt spesielt fokus mot barn og unge i grunnskulen. Museet har gjennomført to skuleopplegg for grunnskulen i Lom i tillegg til barneaktivitetar kvar veke i sommarsesongen og på julemarknaden.

2.4a Nettverk

Lom bygdamuseum har eit tett samarbeid med friviljugsentralen i Lom, Lom kommune, Lom Heimbygdslag og andre friviljuge lag og foreiningar som bidreg med aktivitetar og arrangement gjennom året.

Museet har også ein god dialog med reiselivsbedrifter og Norsk fjellmuseum om fellestiltak og destinasjonsutvikling. Vi har hatt samordningsmøte med kommunen, Lom Heimbygdslag og museet for å styrke samarbeidet og utviklingsarbeid i Lom sentrum.

Avd. 2b Stavkyrkjeutstillinga i Lom

2.1b Samfunnsoppdrag

Lom Stavkyrkjesenter er eigd av Lom kommune og driftas av Gudbrandsdalsmusea. Senteret formidlar kunnskap om kyrkjerommet som både religiøst og sosialt rom, med spesielt fokus på historia til Lom stavkyrkje.

Bemanning: er saman med avd. 2a.

2.2b Primærverksemd

Lom Stavkyrkjesenter er ei permanent utstilling med innlånte gjenstandar frå private og Kulturhistorisk museum i Oslo. Senteret har ingen fast omvisar, men teksthefter på ulike språk som dei besøkkende kan få.

2.3b Målgrupper

Målgruppa for senteret er fyrst og framst turistar, både enkeltbesøkkende

og bussar. Med tekster på ulike språk er utstillinga tilgjengeleg for både fransk, engelsk og tyskspråkelege.

2.4b Nettverk

Gjennom samlokalisering har senteret nær kontakt med handverksbedrifta Loarutsalet og stavkyrkja. Det har elles vore arbeidd lite med nettverksbygging knytta til stavkyrkjesenteret, men vi ser samband med liknande arbeid/formidling ved Ringebru Prestegard, avd. 7.

Avd-3a Lesja bygdetun

3.1.a Samfunnsoppdrag

I 2013 har Lesja bygdemuseum posisjonert seg som ein god kulturell møte-plass for lokalbefolkninga med fokus på nålevande kulturtradisjonar og idrett gjennom større arrangement som "Tora Berger markering", "Natt på museet" og "Martnasdag".

Martnasdagen er eit lokalt samarbeid og eit stort arrangement som samlar folk i bygda og tilreisande og syner fram kva som skjer innan lokal produksjon og landbruk.

Mindre arrangement som "historie timen" har hatt som mål å trekke fram dei levande historieforteljarane, som alle har presentert ulike kulturhistoriske hendingar og tema. Formidling retta mot barn og unge har i år vore særleg gjennom skuleformidling av tradisjonshandverk og "Natt på museet". "Natt på museet" hadde i år det kulturelle fenomenet "fredag den 13" som tema.

Den immaterielle kulturarven har vorte formidla gjennom daglege demonstrasjonar i sommar-sesongen, to gonger i veka har det vore mogleg for barn og vera med i ulike handverk og tradisjons aktivitetar.

Bemanning: I Lesja har vi 100 % stilling som dekkjer verksemda i Lesja og Dovre – kombinert med marknadsansvar for heile museet.

3.2.a Primærverksemd

Vi har hatt fokus på landbruk og landbruksreiskap i fjellbygder. Gjennom ei utstilling syner avdelinga fram landbruksutstyr knytta til bruk av hest

frå tidleg på 1900-talet fram till ca. 1950. Dette er ei samling som vi har fått i gåve og er innlemma i gjenstandssamlinga.

Vi laga ei ny utstilling om leiker i 2013 med bruk av innsamla materiale frå Lesja. Ulike objekt, teikningar og bilete syner utviklinga av leiker og leik i Lesja frå slutten av 1700-tallet fram til ca.1930.

Med ei kunstutstilling med akvarellar inspirert av regionen har også kunst vore i fokus i 2013. Friviljuge frå Lesja bygdekvinnelag har stått for formidling av lokal matkultur gjennom demonstrasjonar av tradisjonsbakst og smaksprøver i "Eldehuset" og "Ullateigstugu". Tiltaket har skapt liv i husa og aktivt formidla den immaterielle kulturarven for dei besøkande.

3.3.a Målgrupper

Vi har hatt besøkande frå alle dei fire målgruppene skule, turistar (bussgrupper/enkeltreisande) og pensjonistar, omtala i strategiplanen. Den største satsinga er gjort i høve barn og unge frå regionen med barneaktivitetar og "natt på museet".

Museet fungerer som ein møteplass for lokalbefolkninga i Lesja og det er til ei kvar tid stort fokus på at anlegget som heilheit skal fungere optimalt til dette formålet. Leikeutstillinga er eit døme på konkret satsing mot lokalbefolkninga. Gjennom eit eige opplegg "historietimen" var fokus retta mot pensjonistar, både som tradisjonsberarar, formidlarar og publikum.

3.4.a Nettverk

Vi har i år som tidligare år arbeid tett opp mot lokale lag og foreiningar som bidreg til drift og aktivitet på museet i sommarsesongen. Avdelinga arbeidar også tett opp mot Lesja kommune i samband med arrangement og formidling. Særskilt i 2013 var det eit godt samarbeid med soknerådet kring ei større markering av felles kyrkjesokn Lesja-Dovre-Folldal som vart delt i 1860.

Det er eit godt samarbeid med andre reiselivsaktørar i området (inkl. Rauma/ Bjarli) og eit spesielt nytt FOU-prosjekt her opnar opp nye samarbeidsaktørar for oss framover.

Avd-3b Einbustugu, Dombås

3.1.b Samfunnsoppdrag

Her har vi hatt formidlingstilbod retta mot skule som kunnskapsoppbygging rundt astronomi og lokal identitet. Spesialutstillinga har fokus på betydning av utdanning og eiga initiativ for realisere seg sjølv og å nå sine mål, og kan sjåast som relevant for samfunnsdebatten for 100 år sidan og nå.

Bemanning: Dette ligg under avdelingsleiar i Lesja, med ekstra sommaromvisar.

3.2.b Primærverksemd

Vi har hatt fokus på å formidle kunnskap om astronomi, Sigurd Einbu som person og utviklinga av astronomi som fag i Noreg.

3.3.b Målgrupper

Det har vore lokalbefolkning, skule og tilreisande til området, da særleg folk som brukar området til tur og rekreasjon.

3.4.b Nettverk

Drifta av Einbustugu gjer at ein er sporadisk i kontakt med fagpersonar innanfor astronomimiljøet i Noreg. Det er også friviljuge involvert i drift og formidling av Einbustugu. Arkivet som er under ordning i Opplandsarkivet avd. Dombås er og aktivt involvert.

Avd. 4 Vågå – Jutulheimen

4.1 Samfunnsoppdrag

Vi har hatt fleire foredrag og utstillingar, aktivitetsdagar for både vaksne og ungar. Gjennom ulike tiltak har vi formidla ulike delar av vår kulturhistorie.

I juni 2013 var Jutulheimen ein del av Vågådågå som er ei stor markering av det lokale kulturelle mangfaldet. Vi sette da fokus på ein eldre del av kulturarven med utstillinga "jernvinna i Oppland" og med ein

lokal smed i arbeid for å vise fram tradisjonshandverket i praksis. Elles har vi lagt vekt på formidling av samfunnstilhøve på 1900-talet.

Bemanning: Avdelingsleiar har 100 % stilling inkl. skuleformidling for heile museet. I 2013 var det utvida ressurs med ei overgangsordning med 1,5 stilling ut august.

4.2 Primærverksemd

Vi har fokusert på den nære og levande kulturhistoria, m.a. gjennom å markere den nære skihistoria og idrett på høgt nivå i bygda. Vi feira 50 år sidan Sjørdalstrioen tok NM-gull i stafett i 1963 med arrangement i Jutulheimen og Heidal. NM-gull i stafett var stort ikkje berre lokalt, men i heile landet! Denne idretten har vore i stor endring på desse tiåra sidan da. Dei tre skiløparane var sjølv med i arrangementa, og det vart såleis flott og levande historieformidling og god oppslutning om arrangementa.

Vi har og hatt fokus på minner. I sommarsesongen hadde vi minnebokutstilling med innlånte bøker frå Vågå/Lom/Sel. Dei eldste bøkene var frå byrjinga av 1900-talet og den siste frå 1990-talet. Vi la vekt på utvikling av bruken av minnebøker, kva historiar som vart formidla gjennom dei ulike tiåra, ikkje minst under 2. verdskrig. I tillegg har det vore ei måleriutstilling av Trygve Håkåstad i samarbeid med historielaget.

4.3 Målgrupper

Jutulheimen har hatt besøkjande frå skule/barnehagar, pensjonistar og enkeltpersonar – primært barnefamiliar. Det har og vore nokre enkelt turistar innom, men ikkje bussgrupper.

I 2013 har det vore mange arrangement retta mot lokalbefolkninga, særleg vaksne og pensjonistar. Under Vågå-dågå var det fokus på barnefamiliar der det var tilbod for ungar og vaksne. Særleg arkeologi for ungane og natur-stigen drog barnefamiliar. Det er mest lokalbefolkning som brukar museet.

4.4 Nettverk

Vi har hatt eit godt samarbeid med Vågå Historielag i 2013. Det har vore samtalar med andre lokale lag og foreiningar om å få til samarbeid om aktivitet for framtida. Vi har og godt samarbeid med Vågå kommune

under arrangement i Vågå, og har etablert samordningsmøte med kommune, historielag og museum/arkiv.

Avd. 5 Opplandsarkivet - avdelingar

- A Skjåk**
- B Dovre**
- C Vågå**
- D Folkemusikk arkiv for norddalen**
- E Folkemusikk arkiv for sør/midtdalen**

5.1. Samfunnsoppdrag

Arkivavdelingane er viktige som knutepunkt i samband med det lokalhistoriske arbeidet i kommunane. Arkiva er ressurscenter for lokalhistorie frå nær og fjern fortid. Gjennom innsamling, formidling, ordning og dokumentasjon er oppdraget vårt å gje dagens generasjon nyttig kunnskap som reisebagasje inn i framtida. I samlingane våre kan brukarane av arkivet finne korleis den immaterielle kulturarven har skapa det samfunnet vi har i dag.

Folkemusikkarkiva har dokumentert den rike folkemusikk- og dansetradisjonen i distriktet vårt og formidla den til nye generasjonar – samt ordna arkiva for lettare attfinning og felles nettløysingar som ASTA, FIOLO og Digitalt Museum

Arkivet er viktige aktørar i lokalsamfunnet. Ved å ha god kontakt med brukarar på ulike nivå og i ulike samanhengar er arkiva involverte i mykje gjennom året. Vi har hatt kontakt med skular, interesserte smågrupper og enkeltpersonar og har gjennomført presentasjonar av innsamla materiale og kurs med tema av historisk karakter.

Ved kontakt med brukarar av kjeldestoff har vi informert dei om kjeldekritikk og val av kjelder som er tilpassa den enkelte brukar sitt behov. Vi ser det og som viktig å vise til arkivmateriale og digitaliserte kjelder ved andre institusjonar via heimesider til kommunane, folkebibliotek og historielag.

Bemanning: Arbeidet i Opplandsarkivet blir utført av arkivleiarar ved alle avdelingar: 20 % i Skjåk, 50 % i Vågå (25/25 % papirarkiv/folke-

musikk), 50 % på Dombås og 50 % på Hundorp. I tillegg arbeider direktør med privatarkiv på overordna nivå og industriregistratoren leverer arkiva ordna til OA etter kvart. Arkiva har i 2013 hatt to praktikantar i samarbeid med NAV, ein i Vågå som har jobba med ASTA og ordning av arkiv, og ein på Hundorp som har jobba med registrering i PRIMUS av foto og gjenstandar knytta til krigsminnesamlinga.

5.2 avd. Skjåk Primærverksemd

Vår primære oppgåve er innsamling av ulike typar arkivmateriale. Til no har det vore arkiv frå verksemdar, privatarkiv, gardsarkiv, lag, organisasjonar og historiske bilete. Dessutan har vi lagt vekt på ordning, digitalisering, formidling, ivaretaking og sikring.

5.3 Målgrupper

Viktige målgrupper er gjerne dei som etterspør tenester. I vårt område har det i stor grad vore slektsinteresserte, skuleelevar, pensjonistar som ynskjer aktivitet, besøkande utanfrå og personar som arbeider med bygdebøker, artiklar og forskning. Dessutan vil vi nemne aktivitetar der vi i samarbeid med andre lag og organisasjonar ynskjer å skape interesse vårt arbeid og historisk interesse generelt.

5.4 Nettverk

Eit godt nettverk er viktig for å kunne gjere eit godt arbeid med elles små ressursar. Difor har vi lagt vekt på god kontakt med dei andre avdelingane i Opplandsarkivet. Vi har hatt gode lokale samarbeidsmøte med registreringsfaglege tema internt i Gudbrandsdalsmusea. Dette galdt både Primus og ASTA.

Viktige elles er lokale bibliotek, historielag, skular og andre lag og organisasjonar. Vi har og fagleg kontakt med personar innan høgskular. Med t.d. høgskulen i Volda er det teke initiativ til samarbeid om innsamling og handsaming av slektsdata med tanke på digital presentasjon.

Det regionale nettverkssamarbeidet gjennom Opplandsarkivet er viktig, samt Statsarkivet.

5.2. avd. Dovre Primærverksemd

Den primære oppgåva er innsamling, sikring og formidling av ulike typer lokalhistorisk materiale. Dette gjeld såvel tradisjonelt arkivmateriale på papir som foto, lydopptak med meire.

5.3 Målgrupper

Arkiva har ideelt sett dei som har interesse for lokalhistorisk materiale i lokalsamfunna som målgruppe, og ikkje minst dei som sit med arkivmateriale eller foto som ein ynskjer å ta vare på og gjere tilgjengeleg for ettertida.

I praksis vert det for lite tid til aktivt utadretta arbeid, og målgruppa vert avgrensa til dei som sjølve aktivt søker arkivet, anten det no gjeld å finne opplysningar om slekt, til eit lagsjubileum, eller å levere materiale som ein ynskjer trygt teke vare på.

5.4 Nettverk

Avdelingane deltek i sentrale nettverk gjennom bruk av felles data-program for registrering av både arkiv (Asta), foto (Primus) og folke-musikk (Fiol) og medlemskap i ulike sentrale organisasjonar, m.a. Landslaget for lokalhistorie. Samstundes har vi nær fagleg kontakt med andre privatarkiv gjennom sjølve Opplandsarkivet og Statsarkivet.

Arkivet er òg med i mangfaldige lokale nettverk m.a. gjennom tett kontakt med ulike lag som bidreg i innsamlingsarbeid og kontakt elles i det lokale miljøet. Nytt av året er samarbeid med *Dovrebanen jernbane-historisk foreining* som fyrst og framst arbeider med dokumentasjon av jernbanestrekninga Dombås-Støren, Digitalt fortalt/Dovrepiloten – samt markering av 100 års jubileum på Dombås stasjon.

5.2 avd. Vågå. Primærverksemd.

Vi har samla, katalogisert, registrert og formidla kunnskapen om lokalsamfunnet. Alt primær-kjeldemateriale har på sin måte fortald korleis folk har samhandla og bygd sosiale nettverk.

Lag og foreiningar har dokumentert sine aktivitetar, forretningar og næringar har dokumentert si verksemd, enkeltpersonar har skrive og motteke brev, samla sine arkiv frå levd liv. Samla har dette kjelde-

materialet vist oss limet som bind lokalsamfunna saman og fyller biletet ein finn i dei offisielle kjeldene.

5.3 Målgrupper.

Fleire målgrupper har søkt til arkivet, dei fleste godt vaksne folk i nærmiljøet som er opptekne av lokalhistorie generelt og slektsgranskning spesielt. Lagsfolk har søkt i arkiva for å lage jubileumsskrifter og årlege publikasjonar. Forskarar har funne interessant kjeldetilfang i sitt arbeide.

5.4 Nettverk

Vi har bygd nettverk mellom dei andre avdelingane i Opplandsarkivet, med lokale bibliotek, historielag og andre frivillige lag. Gjennom ASTA har vi delt informasjon med andre arkiv, privat som offisielle.

5.2 Folkemusikkarkiva Primærverksemd.

Vi samlar og ordnar lydopptak, noter og video frå det vide folkemusikkfeltet og vi har gjeve opplysningar om kjelder og heimelsmenn for heile Gudbrandsdalen. Vi har to avdelingar, ei i Vågå og ei på Hundorp.

Bemanning: Vi har to arkivleiarar fordelt på 25 % stilling i Vågå og 50 % stilling på Hundorp.

5.3 Målgrupper.

Folkemusikarar –dansarar og –songarar, både for eigenutvikling og til bruk i miljøa.

5.4 Nettverk

Vi har vore knytta opp mot dataprogrammet FIOl og er med i Opplandsarkivet.

Avd 6 Stavkyrkjeutstillinga

6.1. Samfunnsoppdrag

Avdelinga har i samarbeid med Stiftelsen Ringeby Prestegard, formidla relevante tema og utstillinga i samband med den kulturelle skulesekken. Avdelinga har eit nært samarbeid med stiftinga og det har medverka til at

utstillinga og i 2013 har ein oppgang i antal besøk. Utstillinga når eit breitt publikum, nytt år var at vi i filmrommet viste ein film med lokalhistorikar Per Åsmundstad som i større grad enn styrka koplinga mellom bygda og kyrkja.

Bemanning: 10 % fast i ein kombinasjon mellom avdelingsleiar som og er senterleiar for Pilegrimssenteret, direktøren og samlingsansvarlege.

6.2 Primærverksemd

Avdelinga har brukt ressursar på å formidla den digitale historia om Ringeby Stavkyrkje og bruken av kyrkja. Gjennom forvaltningsarbeidet blir dei historiske, både immaterielle og materielle, verdiane tekne vare på. Avdelinga har i 2013, i nært samarbeid med stiftinga, hatt fokus på born og unge slik at dei og kan ta del i kulturarven vår.

6.3 Målgrupper

Vi har gjeve born og unge tilbod gjennom den kulturelle skulesekken og har gratis inngang for ungar. Avdelinga har og tilrettelagt for turistbesøk. Marknadsføring gjennom Visit Lillehammer har gjeve ei meir målretta marknadsføring. Tilbakemeldinga frå særleg lokalbefolkninga fortel at filmen vi syner har styrka det totale tilbodet og såleis nådd betre dei lokale målgruppene.

6.4 Nettverk

Avdelinga har eit nært samarbeid med Kulturhistorisk Museum i Oslo, Stiftelsen Ringeby Prestegard og andre interessegrupper knytta til drifta av garden. Vi ser og i større grad samanhangen mellom dei to stavkyrkjeavdelingane våre og formidlinga av kunnskap om stavkyrkjer og kyrkjeliv i landet.

Avd 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling

7.1 Samfunnsoppdrag

Avdelinga har i 2013 hatt skuleformidling, registrering, samlingsplan og utvikling som hovuprioritet.

Bemanning: 10 % avdelingsleiar dekkja inn av senterleiar for Pilegrimsleden, kombinert med direktør og samlingsansvarlege. I 2013 har vi hatt ein praksisplass for registrering av samlingane i samarbeid med NAV.

7.2 Primærverksemd

Vi har arbeider med å formidle historia og kva som hende under krigen 1940 – 45 i Gudbrandsdalen generelt og i Kvam spesielt. Samstundes har avdelinga, i samarbeid med andre avdelingar i museet, teke tak for å registrere og sikre dei historiske verdiane i samlinga via digitalisering og registrering i Primus, alle fotgrafia vart i 2013 lagt ut på Digitalt Museum.

7.3 Målgrupper

Vi ser på born og unge som ei særskilt viktig målgruppe for Gudbrandsdal Krigsminnesamling og har hatt fokus på skuleformidling . Samstundes har ein sett att fleire av etterkomarane etter dei som deltok i kampene byrjar å kome. I 2013 har vi sett meir på marknaden for denne målgruppa. Marknadsføring har i 2013 vore annonsering i regi av Lillehammer Turist, sosiale medier og i lokal pressa.

7.4 Nettverk

Avdelinga er medlem av Krigshistoriske museum gjennom museumsorganisasjonen ICOM. Samarbeidet med eigarstyret og lokalt interesserte er sentralt i vårt nettverk.

Avd 8 Pilegrimssenter

8.1 Samfunnsoppdrag

Pilegrimssenteret på Dale-Gudbrand er eitt av 5 nasjonale pilegrimssentra med særskilt løyving og rammeverk frå Staten. Avtalen

for drifta ved vårt senter er inngått med Sør-Fron kommune, som har delegert dette til Gudbrandsdalsmusea.

2013 var eit aktivt år for Pilegrimssenter Dale-Gudbrand med mange oppdrag som vandringsleiar for skuleklasser, visningsturar og kommersielle grupper.

Gjennom fleire prosjekt har kulturminna langs Pilegrimsleden kome meir fram i ljuset og verte tilgjengeleg for fleire. Vi har hatt eit godt samarbeid med kommunane når det gjeld vedlikehald og merking.

Pilegrimsleden står fram som eit godt vandrarprodukt for reiselivet og er ei opplevingsrute for den einskilde, både for turistar og lokale brukarar.

Pilegrimssenter har vore ope heile året og hatt ei utvida opningstid i tida 20 juni til 15 august. Dagleg leiar har vore tilgjengeleg for vandrarar som har kome utanom opningstidene. 2013 var eit godt år når det gjeld besøk og bruk av Pilegrimsleden og Pilegrimssenter Dale-Gudbrand med ein auke i bruken lokalt og av tilreisande. Fleire grupper har vandra Pilegrimsleden i år samanlikna med åra før.

Nytt av året og eit resultat av satsing mot målgruppe ein har Pilegrimssenteret vore med på ei festivalvandring, den samla 9 ungdomar som gjekk delar av Pilegrimsleden. Skulevandringar er om lag som 2012. Pilegrimssenteret syner elles til årsrapport 2013 for Pilegrimssenter Dale-Gudbrand.

Bemanning: Pilegrimssenteret har 80 % fast stillingsressurs, i 2013 har senterleiar, direktør, praktikant og sommarengasjement dekkja inn dei resterande 20 % slik at summen blir over 100 % bemanning.

8.2 Primærverksemd

Vi har hatt fokus på å informere og vegleie vandrarar innanfor tema kyrkje, næring, kultur og miljø. Pilegrimssenteret ga i 2013 ut ei guidebok for leden gjennom Gudbrandsdalen.

Pilegrimssenteret har vore med på planlegging og gjennomføring av omlegginga av Pilegrimsleden gjennom midtdalen i samband med anleggsarbeidet på ny E6. Ekstra i år vart omlegging og sikring etter flaumen i midt-dalen i mai. Pilegrimssenteret har vore aktive på messer og heldt fordrag for å informere om Pilegrimsleden.

Gjennom eit samarbeid med NINA og Pilegrimssenter Dovre-fjell har vi gjennomført eit telleprosjekt for å kartleggja bruken av leden gjennom dalen og over Dovrefjell. (Rapporten kan fåast ved å kontakte Pilegrimssenter Dale-Gudbrand). Vi har skrivi fleire artiklar til tidskrift med vandrar- og pilegrimstema.

Vi har arrangert fleire vandringer, aleine og i samarbeid med andre. Vi har fått sertifisert 9 overnattingsstadar som godkjente overnattingsstadar etter Europeisk Kulturveg standard i år.

8.3 Målgrupper

I 2013 vart marknadsføringsplan for nasjonal pilegrimsatsing vedteken og målgrupper definert. Det er 3 målgrupper og ein ser at tiltaka som Pilegrims-senter Dale-Gudbrand har sett i verk gjev resultat. I tillegg til dei 3 vedtekte målgruppene har Pilegrimssenteret valt å satse på born og unge i skulen.

8.4 Nettverk

Vi er med i ei rekke nettverk og har i 2013 vore aktiv i alle desse. Gjennom jamne møter i Pilegrimsforumet, der alle 5 regionale senter, Nidaros Pilegrims-Gård og Nasjonalt Pilegrimssenter deltek, har ein kome fram til gode tiltak som bidreg til å oppfylle målsettingane som er gjeve frå styresmaktene.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand er og med i eit regionalt nettverk Mattradisjon langs Pilegrimsleden som har til målsetting å formidle mattradisjon og lage salsprodukt for pakketurisme med mattradisjon som tema.

Vi er med i Pilegrimsfelleskapet St Olav og Kulturvegnettverket for Midt-Gudbrandsdalen. Tilbyder-nettverket som vi har etablert for vårt ansvarsområde teller no 17 overnattingsstader. Gjennom Visit Lillehammer og Nasjonalparkriket har avdelinga eit marknadsførings-nettverk.

I tillegg har Pilegrimssenteret nært samarbeid med alle aktørane innanfor pilegrims—satsinga, herunder kommunane, Mesna og Ringeby Rotary, Oppland fylkeskommune m.fl. – og nyter godt av fagleg kompetanse i Gudbrandsdalsmusea.

Avd 10 Norsk fjellmuseum

10.1 Samfunnsoppdrag

Norsk fjellmuseum skal arbeide for å verne kultur- og naturverdiar i fjellområde gjennom innsamling, dokumentasjon, forskning, formidling og informasjon. Museet skal og vere eit informasjonssenter for nasjonalparkane og andre anlegg og samlingar knytt til livet i fjellet. Gudbrandsdalsmusea sitt ansvar er for formidling og samlingar ved fjellmuseet og er regulert av ein konsolideringsavtale frå 2012. Men samarbeidet vart fyrt sett i gang med auka løyving frå KUD for 2013.

Bemanning: Avdelingsleiar har ca 50 % stillingsressurs for fjellmuseet, i tillegg kjem direktøren og andre av våre fagpersonar inn i samarbeidet knytta til samlingar, arkiv, tema-gruppe for forprosjekt revidering av utstilling m.m.

10.2 Primærverksemd

Norsk fjellmuseum har fire ulike roller: nasjonalparksenter, nasjonalt museum, eigar av Mimísbrunnr Klimapark AS og forvaltningsknutepunkt. Det er rolla som nasjonalt museum som er konsolidert med Gudbrandsdalsmusea.

Eit av satsingsområda til Norsk Fjellmuseum er å styrke denne rolla. Museet skal vere ein stad for oppleving, læring og allmenn kulturell verksemd, med særleg vekt på *samspelet i naturen og mellom menneske og natur*. Det har dei siste åra vore spesielt fokus på dei brearkeologiske funna.

10.3 Målgrupper

Norsk fjellmuseum har eit stor fokus på formidling til born og unge. Gjennom heile året tek museet imot skuleklasser for omvising og skuleopplegg. I sommarsesongen dominerast besøket meir av tilreisande, både norske og utanlandske.

10.4 Nettverk

Museet har eit nært samarbeid med dei andre aktørane ein samlokaliserer med, Klimapark 2469, Oppland husflidslag, reiselivsbedrifter,

Oppland fylkeskommune, Kulturhistorisk museum i Oslo, naturhistorisk nettverk i Oppland, og ulike forskingsmiljø.

Avd 11 Gardsbutikken

11.1 Samfunnsoppdrag

Gardsbutikken har i 2013 ivareteke Gudbrandsdalsmusea sitt samfunnsoppdrag gjennom formidling og sikring av kulturhistoriske verdier på Tusenårsstaden, utstilling om ny E6/arkeologiske utgravningar, profilering og sal av lokale produkt inkl. lokalhistorisk litteratur, og er det daglege opne tilbodet til alle som kjem innom.

Bemanning: Avdelingsleiar for gardsbutikken er senterleiar for Pilegrimssenteret, sommartilsett og andre med kontor i bygningen.

11.2 Primærverksemd

Avdelinga Gardsbutikk har i 2013 hatt ope for sal av lokale matvarer, litteratur og tradisjonshandverk. Avdelinga er i samarbeid med Pilegrimssenteret informasjonssenter og mottak for pilegrimar og andre besøkande. Det var i 2013 ein auke i pilegrimar. Avdelinga har og drifta attraksjonen "Tusenårsstien – i lyd", utstillinga "Arkeologi og E6" laga i 2012, fornya i 2013 i samarbeid med Statens Vegvesen og Kulturhistorisk Museum i Oslo.

11.3 Målgrupper

Målgruppa for avdelinga er breid og er utfordrande. Avdelinga har eit nært samarbeid med Pilegrimssenteret og har difor teke omsyn til Pilegrimssenteret sine målgrupper. Gjennom arbeidet, opningstider, tilsette si kompetanse og utvikling av tilbodet, har ein i 2013 nådd betre avdelingane sine målgrupper.

11.4 Nettverk

Avdelinga er medlem i matnettverket Hanen, og har godt samarbeid med Gudbrandsdalsmat AS.

Regional arkeolog

I samband med omstrukturering og ansvarsfordeling i staben, er ei 50 % stilling som arkeolog som vi tidlegare delte ed 50 % i Lesja kommune, gjort om til 100 % fast regional arkeolog for museet. Det er inngått ein avtale med Lesja kommune om årleg tenestekjøp på 30-40 % stilling. I tillegg er det ein del prosjekt som regional arkeolog kan ta for museet, som vil styrke fagleg arbeid og eigeninntening totalt. Museet har frå 2013 100 % regional arkeolog.

12.1 Samfunnsoppdrag

Regional arkeolog skal i samarbeid med lokale og regionale krefter forvalte og formidle kulturarven vår på best mogleg vis. Regional arkeolog skal og vere eit kontaktpunkt mellom lokalbefolkninga og den regionale og nasjonale kulturminneforvaltninga.

12.2 Primærverksemd

Regional arkeolog har i sitt arbeid vore på fleire synfaringar, både med private, andre i museet, fylkeskommune og representantar frå Riksantikvaren og Kulturhistorisk Museum. Ho har arbeidd med ein skilt- og skjøtselsplan på oppdrag frå Oppland fylkeskommune, og med fleire prosjekter knytt til Lesja bygdemuseum.

Etter at det vart inngått ei avtale om tenestekjøp mellom Gudbrandsdalsmusea og Lesja kommune på forsommaren 2013, har regional arkeolog og arbeidd med kulturminnevern og tilrettelegging av kulturminne for Lesja kommune.

Regional arkeolog har motteke og levert vidare til rette instans innkomne arkeologiske funn frå området og formidla kunnskap om forvaltning av automatisk freda kulturminne.

12.3 Målgrupper

Målgruppe for regional arkeologs arbeid er lokalbefolkninga og kommunane i regionen samt tilreisande. I 2013 har det fyst og fremst vore jobba mot skulane med spesiallaga opplegg.

12.4 Nettverk

Regional arkeolog har i 2013 hatt eit godt samarbeid med lokal, regional og nasjonalforvaltning innan kulturminnevernet. Det har og vore god kontakt med lokale foreiningar og lokalkjente. Regional arkeolog har vore på seminar og samling for fagleg påfyll og nettverksbygging innafør fagfeltet.

2 Samlingsforvaltning og arkiv

I samband med omstrukturering og ny 100 % fast stilling i Lom, vart det frå 1. 08.2013 rokkert funksjonar slik at den nye stillinga er avdelingsleiar for vår verksemd i Lom (50 % Lom Fjellmuseum, 50 % Presthaugen/stavkyrkjesenteret). Dette frigjorde 100 % stilling som samlingsforvaltar for handtering av magasin/gjenstandssamlingar og sikring for heile museet. Arbeidet i 2013 har i hovudsak vore:

Lesja Overføring av tidlegare registrerte gjenstandar i Primus til Digitalt Museum, vart lagt ut på Digitalt Museum før jul.

Jutulheimen Det har vore jobba noko med kartlegging av tidlegare registreringar av samlingane, og Primusregistrering av tekstilsamlinga. Gjennom eit samarbeid med NAV har museet fått ein praktikant som har fått grunnleggande innføring, skal få opplæring til gjenstandsregistrering i Primus.

Lom Her har det vore jobba noko med oppdatering av informasjon av tidlegare registrerte gjenstandar. I fjellmuseet har det vore ei kartlegging og rydding av gjenstandssamlinga, samt avklaringar i høve innlånt materiale.

Kvam Registreringsarbeid for gjenstandssamlinga er under førebuing. Det har vore ein full gjennomgang av kjeldemateriale knytta til gjenstandsregistreringane. Ein skoeste med arkiv/gjenstandar/foto frå Grini vart registrert i Primus og lagt ut på Digitalt Museum. Det vart

kartlagt gjenstandar og lånt inn det vesle ein fekk tak i til utstillinga om Karpol-familien.

Magasinplan, delrapportar for heile museet. Det er laga 22 delrapportar etter befaringar vedr. klima, oppbevaringstilhøve og framlegg til tiltak etter befaringar. Utkast til delrapportar vart lagt fram og gjennomdrøfta med avdelingsleiarane samla rett før jul,

Vågå Det har vore ei befaring på dagsenteret Ullinsvin med tanke på mogeleg framtidig magasin for museet, rapport er laga.

Alle avdelingar. Vi har hatt fagdag med introduksjon til gjenstands handtering og registrering i primus. Det er utarbeidd primusrettleiing i gjenstandsregistrering. Registreringsrettleiing for Jutulheimen og generelt for museet er starta opp. Det er laga ein rapport for intern løysing av arkivering av dokumentasjonsfoto, bruk av Imageshop og Photoshop. Det er laga felles aksjesjonsskittering med rutiner for heile museet (gjenstandar og arkiv).

Sikringsarbeid for heile museet Det vart laga utkast til overordna sikringsplan som vart drøfta i styret. Planen skal delast inn for kvar avdeling og fullførast. Det er utarbeidd instruksamling og ny instruksar.

Lom Det er laga ferdig handlingsplan ved årleg revidering av risikoanalyse. Det er sett opp 2 brannskap på friluftsmuseet. Det er innstallert branndetektorar i fjøs og stall med kopling til 110. Det er montert tjuverimeldar med utvendig brannklokke, laga situasjonsplan over slokkeutstyr som er montert 2 stader, det er gjennomført brannsyn ved Lom og Skjåk brannvesen.

Dombås arkiv Sjekkliste/loggbok for risikoanalyse og handlingsplan er fullført

Kvam Sjekkliste/loggbok for risikoanalyse og handlingsplan er fullført

Lesja Sjekklister/loggbok for risikoanalyse og handlingsplan er fullført

Vågå arkiv Sjekklister/loggbok for risikoanalyse og handlingsplan er fullført

Jutulheimen Sjekklister/loggbok for risikoanalyse og handlingsplan er fullført

Ringebu Stavkyrkjeutstilling Avdelinga har i 2013 gjennomført ei synfaring saman med Kulturhistorisk Museum, avdelingsleiar og samlingsansvarlege ved museet for å sjå på handsaming og formidling av lånte gjenstandane i utstillinga.

Gudbrandsdal Krigsminnesamling Avdelinga starta i 2013 opp arbeidet med å registrere foto- og gjenstandssamlinga. Fotosamlinga er registrert, digitalisert og lagt ut på Digitalt Museum **Feil! Hyperkoblingsreferansen er ugyldig.** . Det har vore eit stort og omfattande arbeid. Avdelinga er godt i gang med forvaltningsarbeidet og sikringsplan for avdelinga. Det har kome inn fleire gjenstandar og arkiv til samlinga som er registrert i Primus.

Opplandsarkivet – privatarkiv i Gudbrandsdalen

Gudbrandsdalsmusea har regionansvar for alle 9 kommunane frå Ringebu og nordover, i tillegg ansvar for folkemusikkarkiv for dei 3 sørlege kommunane i dalen. Det har vore kommunikasjon med dei 3 kommunane i midtdalen, Opplandsarkivet sitt sekretariat og Maihaugen om oppretting av eit midtdalsarkiv for lik handtering av alle eigar-kommunane ved museet.

Det vart sett i gang arbeid for ei privatarkivavdeling ved Norsk Fjellmuseum (for museet sjølv, privatarkiv over nasjonalparkane og fjellturisme).

A Skjåk

Forvaltning I tillegg til arkivar har vi som tidlegare år hatt ein fast friviljug medarbeidar: Sylfest Lykre. Tore J. Odden har i periodar arbeidd med innlegging av kyrkjebøkene i Augustus.

Ei gruppe pensjonistar har møttast ein dag kvar veke der dei har arbeidd med namning og datering av innsamla bilete.

I samarbeid med folkebiblioteket har vi ei ordning som gjer at brukarar har hatt tilgang til litteratur, dataregistreringar og kopiar av fotosamlinga utanom arkivet si opningstid.

Opningstida har vore tysdagar frå kl. 08.00 til 15.30, og til andre tidspunkt etter avtale.

Planarbeid, samling og tilvekst Avdelinga forvaltar pr. 31.12.2013 eit fotoarkiv på **13 629** bilete. Sist år har vi hatt ein tilvekst på **2 073** nye foto. Av den totale samlinga er **11 890** registrert. Innlegging av bileta har så vidt kome i gang i Primus.

Det har vore arbeidd kontinuerleg med aktiv innsamling av nye arkiv og tillegg til tidlegare innkomne som vi visste var å finne. I 2013 kom det inn **2 nye** arkiv samt **20 tillegg** til eldre arkiv. Totalt er det no registrert **131** arkiv. 115 er ordna og registrerte i Asta.

Det har vore viktig og arbeidskrevjande å få inn tillegg til dei eldre arkiva. I tillegg har det på slutten av 2013 kome inn 3 samlingar av lydband, film og video som ikkje er aksjonsført. Det krev mykje arbeid å få ordna dette. Dette vil for 2014 gje utslag i samlingsrapporten når det gjeld slike media.

Bevaring, kassering og sikring Samlingane ved arkivet er magasinert i brannikkert magasin i Skåk kommunehus. Eigar, Skjåk kommune, er brannvernleiar, arkivar er brannkontakt for museet.

Det har vore ein gjennomgang av det kommunale arkivet og avlevering av arkivmateriale til Oppland fylkesarkiv. Det har ført til betre orden i arkivrommet som vi disponerer og betre plass. Arkivet har no 90 hyllemeter der **45 hm** er brukt.

Rutinar, oppslag og spesifiserte krav til sikring av arkivrommet er overlevert til arkivansvarlege i Skjåk kommune som og er leiar for Servicetorget. Teknisk etat i kommunen har ved gjennomgang fått ansvar

for gjennomføring av attstående sikringsarbeid. Oppdatering og sikring av data, maskiner- og programvare er gjennomført.

Katalogisering, tilgjengelegheit og digitalisering 115 av 131 arkiv er innlagt i ASTA. Det står likevel att ein del arbeid med innlegging av data på journalnivå. Som nemnt ovafor er nokre arkiv ikkje registrert. Fotoarkivet blir fortløpande registrert i Primus. Alle innkomne bilete har vorte digitalisert i høg oppløysing. Innlegging av foto har starta opp og blir lagt inn i Primus samtidig med korrekturlesing av tidlegare innlagde data. Registrering av kyrkjebøkene i Augustus har halde fram. Registreringar er sendt inn for utlegging i Digitalarkivet. Her er det samarbeid med registrator i Lom.

B – Dombås

Arkivet på Dombås deler lokale med folkebiblioteket og har ei felles lokalsamling kor brukarane har tilgang i både biblioteket og arkivet si opningstid. Arkivet har dei siste åra hatt fast opningstid på måndagar frå kl. 15:00 til 19:00.

Det har òg i 2013 vore tett samarbeid med historielaget i Dovre i arbeidet med innsamling av gamle bilete frå Dovre. To frivilljuge, Gunnar Bental og Jørgen Berg-Domås held fram med arbeidet med registrering av brevsamlinga etter Sigurd Einbu.

Samlingar og tilvekst I året som gjekk er det aksesjonsført og registrert **sju nye** arkiv

- 158 Vegard Vigerust (CD-ar, innlest lyrikk og prosa på Dovremål)
- 159 Kjøremsgrenda grendeutvalg
- 160 Lesjaskog innkjøpslag
- 161 Lesjaskog sanitetsforening
- 162 Anna Jorunn Avdem (kassetar med intervju)
- 163 Brekka
- 164 Dombås innkjøpslag

Det er kome inn om lag **1 100** nye bilete. Arkivet fekk m.a. ei samling etter Johan Jerkind kor det var om lag 100 glassplater frå fyrst på 1900-talet.

Registrering og digitalisering Arkivet fekk i 2013 tilgang til oppdatert versjon av ASTA og arkiva er grovregistrert der. Det ligg difor no til rette for å kunne publisere arkiva på arkivportalen i løpet av 2014.

Det aller meste av bileta som kom inn er digitalisert og registrert med stikkord. Registrering i Primus er tidkrevjande og om lag 500 nye bilete vart registrert der i 2013.

Digitaliseringa av brevsamlinga etter Sigurd Einbu vart fullført. Det vart i alt **5 643** registreringar (med 17 089 digitaliserte objekt). Sjølvje registreringsarbeidet held fram i 2014.

I arbeidet med samlinga frå Dombås Foto fekk vi i 2013 gått gjennom 1 554 registreringar med tilsaman 11 935 negativ. Så langt er omlag **7 500** registreringar med tilsaman **50 000** negativ ført inn i registreringsskjema i Excel.

Dei fleste kassetane med intervjumateriale som kom inn er digitalisert.

C – Vågå

Samlingar og tilvekst

Arkivet fekk i 2013 tilgang til oppdatert versjon av ASTA og etter at vi fekk nytt magasin, har vi fått sett dei fleste av arkiva på rett plass i hyllene, og vi fekk registrert dei 21 nye arkiva, 7 tillegg til arkiv, og materiale frå tidlegare som ikkje hadde fått ASTA-nummer. Tilveksten er:

OANV 372	F.E.Morgan	
OANV 367	Andelslaget Rindvang	
OANV 369	DNB-NOR	
OANV 323	Gunnar Sandbo	- tillegg
OANV 207	Sjårdalen Arbeidarlag	- tillegg
OANV 105	Sjårdalen Samfunnshus	- tillegg
OANV 012	Vågå Historielag	- tillegg
OANV 370	Martinus Høgåsen	
OANV 371	Flokka Sag	
OANV 363	Lom Helselag	
OANV 374	Norderad Grunneigarlag	
OANV 373	Ivar Viste Flatum	
OANV 376	Skyldsprotokoll Vågå	
OANV 377	Jakob Brekken	

OANV 278	Björg Øyen
OANV 319	Vågå Spel- og dansarlag- tillegg
OANV 326	Vågå Musikkråd - tillegg
OANV 001	Vågå Ungdomslag - tillegg
OANV 379	Klonesseminaret
OANV 380	Vågå Halmlutingsanlegg
OANV 381	Otta Sangkor
OANV 036	Kvarberg, oppigard
OANV 331	Venner av Vågå Prestegard
OANV 382	Hølen – gardsarkiv
OANV 383	Bårstad Gruvearbeidarforening

3 Forsking og utvikling

Dei tilsette hadde i 2013 ein studietur åt Trondheim over 2 dagar der vi besøkte relevante museums/arkiv/pilegrimsinstitusjonar for heile staben.

Det har vore ein del fagdagar internt for å utvikle staben fagleg i fellesskap, formidlingsdag, magasindag, gjenstandshandteringsdag, HMS-dag (2), eigarmøte/styredag der ein saman med dei tilsette såg på museet som reiselivsaktør, felles ASTA-dag for arkivarane, felles Primus-foto-dag for dei relevante i staben og personalmøter.

Det har m.a vore ein studietur frå Lesja saman med eigarane og kommunen for å sjå på nybygg/museumsbutikkar og det har vore studietur til Tyskland og Sveits i samband med mammut-prosjektet.

Elles har dei tilsette vore med på fagseminar, konferanser, nettverkssamlingar etter behov og interesse gjennom året. Det har vore heldt mange foredrag frå dei tilsette, dei fleste innan vårt ansvarsområde i Gudbrandsdalen.

Overordna marknadsføring Marknadsansvarleg i GM har i 2012/2013 vore med i prosjektet **Synlige og bookbare museer**, i regi av Virke. Målet for prosjektet har vore å kartlegga korleis musea i Noreg møter stadig nye krav i forhold til å være bookbare og synlege, da særleg i forhold til destinasjonsselskap og digitale medium. Prosjektet resulterte i ein

prosjektrapport, ei undersøking om ulike bookingløyningar - og vart avslutta hausten 2013.

I 2013 vart det teke initiativ til eit prosjekt samarbeid med ulike aktørar i Rauma, Lesja og Dovre med tanke på å betre kunne utnytte den store tilstrøyminga av cruiseturistar som er i Rauma om sommaren. Prosjektgruppa søkte i 2013 i samarbeid med Østlandsforskning om støtte frå RFF-innlandet, søknaden vart ikkje ferdig-behandla før utgangen av 2013 og det er difor usikkert om prosjektet får støtte til vidare satsing.

All overordna marknadsføring blir samordna av Benedicte F Furulund som og har ansvar for heimesideutvikling og profilering. Før jul vart dei nye heimesidene lagt ut på prøve, desse er laga av Ola Tovmo og Benedicte F Furulund saman med konsulent. Revidert grafisk profil vart vedteke i styret våren 2013.

Avd. 2 Lom Det har ikkje vore utført noko forskning ved avdelinga i 2013, men vi har samarbeidd med forfattar Ivar Teigum som forskar på vatningskultur i Gudbrandsdalen. Her har museet vore med i ei eige redaksjonsgruppe, og hatt oppfylgingsansvar med forfattar. Det har vore samhandling om denne forskinga og formidlingsprosjektet om vatning i Presthaugen som vart revitalisert 2013.

Avd. 3 Lesja Det har ikkje vore utført noko forskning ved avdelinga i 2013, men det har vore arbeid aktivt i samarbeid med næringslivet i regionen for å få starta opp eit større reiselivsprosjekt.

Avd 5 Opplandsarkivet Opplandsarkivet har med våre arkivarar og direktøren vore med på det store forskingsprosjektet om 1814; Oppland sett nedanifrå, med fleire befaringar, opne møter og arkivgransking. Boka kom i november 2013 med mykje materiale samla inn i samarbeid med Opplandsarkivet. Arkivarane har og levert materiale til andre forskarar etter behov.

Avd.5A Skjåk Det vert lita tid til forskning som del av vårt arbeid. Det vert mest arbeid av mindre omfang med tanke på lokale skrifter og tilrettelegging for andre som ynskjer bruk av vårt materiale. Arkivaren har

skrive ein del mindre artiklar til lokalhistorisk tidskrift og starta i 2013 opp eit større arbeid med historia om Nordberg kyrkje.

Avd. 5D og E Vågå 2013 har vore eit "normalt" arbeidsår etter ombygginga og innfløtting i nytt magasin i 2012. Mot jubileumsåret 1814-2014 har også vi bidrege med materiale frå våre samlingar, og vi har hjelpt mållag og historielag med stoff til årbøker.

I "Nordisk længsel", Sven Havsteen-Mikkelsens reisedagbøker og billedverden, har vi hjelpt med biografiske opplysningar, kart og foto.

Terje Kleiven har brukt det omfattande arkivet hos oss i arbeidet med "Klebereventyret på Bårstad og Sagflaten", boka kom haust 2013.

Vi har og gjeve bygdebokforfattar Arnfinn Engen kjeldeopplysningar til Gards- og slektshistorie for Heidal.

Vi har kontorfellesskap med ein doktorgradsstipendiat, og hjelpt ho med transkribering av originalt kjeldemateriale i gotisk og ikkje lett leseleg handskrift.

Avd 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling Gjennom arbeidet med å registrere og digitalisere fotosamlinga er det gjort ein god del kjeldegransking for å finne/supplere informasjon om fotomotiva.

Sommaren 2013 vart det laga to nye utstillingar, ei om Karpolfamilien og jødeaksjonen i Gudbrandsdalen og ei om motstands-kvinna Sigrid Nordrum – Kess – frå Ringebu. I dette arbeidet har det vore god kontakt med ulike relevante forskarar. Utstillinga om Slaget ved Kringen vart teke ned av eigarstyret for å få plass til skiftande utstillingar.

Vi har arbeidd vidare for å ta i bruk 2. etasje, vi har gitt informasjon, dokumentasjon og foto til 2 bøker, ei om ein sjåfør frå Møre som oppheld seg i Kvam under kamphandlingane og ei om stridsvogntypen som vart brukt i Aprildagane i Kvam. Det vart publisert ein artikkel i Hemgrenda om Kess av direktør og praktikant.

Avd 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand Pilegrimssenter Dale-Gudbrand har i 2013 vore på studietur for å sjå på bruk av tradisjonsmat og formidling av dette langs pilegrimsleden i Spania.

Det er sett i gang eit nettverksprosjekt om matkultur i samarbeid med Lillehammer Turist og tilbydarane langs leden, basert på Østlandsforskning sin omfattande rapport om mattradisjonar i Gudbrandsdalen.

Sommaren 2013 fekk pilegrimssenteret produsert og gitt ut ein guide langs pilegrims-leden, forfattar var Kari Børrud/Camino Walks.

Pilegrimssenteret har engasjert konservator Kåre Hosar til å skrive eit hefte om kyrkjetradisjonar i Gudbrandsdalen (2014)

Det har i 2013 vore ein del drøftingar om organisering av det nasjonale pilegrimsarbeidet og ev. omorganisering av sentra. Museumsleiinga (direktør og styrerepresentantar) og senterleiar har vore aktive i dette arbeidet.

Avd. 10 Norsk Fjellmuseum Fjellmuseet har sett i gang med eit forprosjekt for ny basisutstilling. Arkitektfirmaet LPO vart engasjert til jobben, og har hatt fleire seminar og møte. Gudbrandsdalsmusea var med i styringsgruppa og i ei eige temagruppe for folk i fjellet. Dette prosjektet held fram i 2014.

Avd 11 Gardsbutikken Vi har arbeidd med utvikling av lokale produkt for sal i samarbeid med Pilegrimssenteret.

Annan forskingsverksemd

Mammut Forprosjektet Mammutdalen har gått over nokre år. Dette er eit samarbeid mellom museet, Naturhistorisk nettverk i Oppland, INasjonalparker og lokal aktør. I 2013 vart det ferdigstilt ein forprosjektrapport som vart handsama av styret for GDM. Det er ikkje finansiering for vidare arbeid nå, men ein jobbar vidare med planane.

Arbeidsgruppa gjennomførte ein studietur til Tyskland og Sveits og såg ulike modellar for mammutsender samt fekk drøfta våre planar med andre, dette gav gode avklaringar i høve vidare arbeid.

Sommaren 2013 vart det funne ei ny mammuttann i gruva ved Fåvang. Det vart god blest kring funnet. Forskar Ufthammer har teke med seg funnet til UiBergen for vidare undersøkingar.

Opplandsjern er eit samarbeidsprosjekt mellom regionmusea i Oppland, Oppland fylkeskommune og Kulturhistorisk Museum i Oslo. Prosjektet

vart avslutta 1.juli, vandreutstillinga var på Hjerleid og Vågå før ho vart demontert og blir brukt i Kittilbu. To manus om smiing i Gudbrandsdalen og jernvinna i Gudbrandsdalen av Torill Thømt, 1. konservator/ Valdres-musea og prof. Jan Henning Larsen/UIO vart levert for bearbeiding og publisering i 2014.

Røysterettsjubileet vart markert med ein artikkel i Hemgrenda av direktøren om utvikling av røysteretten i Gudbrandsdalen med intervju med nokre kvinnelege politikarar. Det vart og levert kjeldemateriale til andre som jobba med jubileet.

Amtmanninnen og hennes døtre Kulturhistorisk kokebok vart publisert hausten 2013 på Toten. Direktøren var redaktør for boka (privat), men det har alt vorte til stor nytte for museet og Gudbrandsdalen med ei bok med kulturhistorie og autentiske oppskrifter.

Pakka frå 1912 Arbeidet med å registrere og ordne arkivet vart avslutta i 2013. Arkivar Ola Tovmo og nettansvarlege Benedicte F Furulund jobba fram ein mal for nettutstilling for dette tema som vi vil kunne bruke til seinare tema og. Nettutstillinga vart ikkje ferdigstilt, da vi venta på våre nye heimesider.

Kjell Voldheim og direktøren hadde artikkel i Årbok for Gudbrandsdalen 2013 om pakka og hendingane i 1612/1912/2012.

Gudbrandsdalsvegen/omlegging til ny E6 Direktøren har vore med i styringsgruppa for dette prosjektet i regi av Midt-Gudbrandsdal Næringsforening, og senterleiar for Pilegrimssentret var med i ei lokal gruppe i Sør-Fron.

Det har elles vore ein del kontakt med Vegmuseet, Statens Vegvesen, regionkoordinator, m.fl i samband med omleggingane og ulike moglege prosjekt som er relevante for museet.

Flaumen i midt-dalen Det har vore jobba for å finansiere ein dokumentasjon av flaumen og verknadene på dei som opplevde det på ulike måtar. Vi har p.t. ikkje lukkast med finansiering, men har fått masse blest og god oppslutning om arbeidet.

4 Formidling

Regional skuleformidling Ansvarleg her er vår formidlingsleiar som kom att etter permisjon våren 2013. Det vart teke kontakt med kommunane for å utvikle gode formidlingstilbod i dei to regionane våre basert på behov frå og i dialog med skulane.

Vi har hatt nokre heile dagar med opplegg ved skular i 2013. Det fyrste var ei forlenging av foredrag og utstilling i Jutulheimen om Sjørdalstrioen og Heidalstrioen som vi hadde ved Heidal skule i juni 2013.

Saman med fleire av dei museumstilsette har det vore to dagsopplegg for 1-3. trinn om jakt og fangst frå steinalder til vikingtid (mellomalder). I desse opplegga tok vi for oss mat/buplass, jakt/fangst, dyr som ressurs for klede/smykke og anna. Vi hadde desse opplegga ved Sel barneskule på Nord-Sel og Lalm oppvekstsenter i Vågå.

Vi var med på eit opplegg om arkeologi for 6. trinn under Vikingdagane på Hundorp i Sør – Fron, der alle sjetteklassingar frå Nord – Fron, Sør – Fron og Ringebu var innom i løpet av to dagar i september 2013.

Regional arkeolog Regional arkeolog har vore involvert i utarbeiding og gjennomføring av fleire skuleformidlings-prosjekt i 2013. For 1.-3. trinn hadde vi ein dag med jakt og fangst frå steinalder til mellomalder ved Sel og Lalm barneskular. I tillegg hadde vi eit opplegg om arkeologi for 6. trinn under Viking-dagane på Hundorp i Sør-Fron (DKS). Der fekk borna prøve seg som arkeologar.

Marknadsføring I 2013 har GM gjennomført ein rekkje endringar i tråd med marknadsplanen for museet. For å skape ei større kjensle av fellesskap både innad og utad har museet fått utarbeidd og vedteken marknadsplan, revidert grafisk profil og opna ny heimeside.

Arbeidet med ny heimeside tok til på hausten 2013 og mye av layouten var basert på den grafiske profilen som vart utarbeidd våren 2013.

Med annonsering er det gjort grep så museet utad har ei felles profilering med likt grafisk uttrykk. I høve digitalformidling har, i tillegg til

ny heimeside, alle i staben vorte meir aktive i bruk av sosialemedier som formidlingsplattform. Fleire i staben har vore på Digitalt Fortalt- kurs.

Avd 2a Lom bygdamuseum Vi har gjennomført skuleopplegg med 4. og 5. klasse knytt til tema "Den gamle garden" og "korndyrking på før-industrielt vis".

I sommarsesongen har det vore barneaktivitetar ein gong i veka. I tillegg har lokale lag og foreiningar bidrege med framsyning av bakst, handarbeid, gamaldags gardsarbeid, dans og song kvar veke.

Vi har hatt to utstillingar, ei permanent kalla "vatn og korn" om den særeigne vatnings-og dyrkingskulturen i regionen, og ei temporær om gamle postkort frå Jotunheimen.

Av andre formidlingsopplegg har museet hatt ei boklansering av boka " 1814 i Oppland" m. foredrag av prof. Tore Pryser og julemarknad.

Avd 3a Lesja Lesja bygdemuseum har hatt fleire skuleopplegg med blant anna "natt på museet" og skuleformidling med besøk frå Lesjaskog skule. Barneaktivitetar 2 gonger i veka i sommarsesongen, samt formidling av tradisjonsbakst og handverk 5 dagar i veka under ordinær opningstid.

Det har vore guiding og omvising i Lesja kyrkje, med besøkande frå innland og utland. Vi har laga 3 nye utstillingar, av dei var to temporære, landbruksreiskap og akvarellutstilling med Kari Utgaard.

Avd 3b Einbustugu På Einbustugu har det vært gjennomført skuleopplegg i regi av Gunnar Bental, med tema Einbu og astronomien.

Avd 4 Jutulheimen bygdamuseum Vi har hatt fire temporære utstillingar (50 års jubileum Sjørdalstrioen, Jarnvinna i Oppland, minnebokutstilling, Måleriutstilling Trygve Håkenstad) attåt dei fem faste (Oldsaksutstillinga – Jordbrukets oppkomst, kister og skrin, Jo Gjende, felemakaren Ola Eide og Jo Visdal – folkets kunstnar (Bilethoggar frå Vågå).

Tre av dei temporære utstillingane var knytta til større arrangement, og to av dei med foredrag. Vi har erfart at formidling gjennom utstilling er best tent med å ha eit foredrag kopla til med relevant tema.

Det har og vore fire kveldsseto i 2013. I tillegg har det vore omvisingar for ulike grupper.

Avd 5 Opplandsarkivet

A Skjåk Så langt som råd prøver vi å få presentert oss sjølve gjennom arrangement og presentasjonar. I samarbeid med lokale lag og organisasjonar og Skjåk folkebibliotek har vi hatt kurs og foredrag. Lokalavisa Fjuken og GD er viktige samarbeids-partar.

Årleg kalender og historisk tidsskrift/Kveldsseto er ein viktig formidlar og interesseskapar for arbeidet vårt. Besøkande får kjennskap både til arbeidet vi utfører og presentert innsamla materiale.

B Dombås Det vart laga eiga utstilling i samband med 100- jubiléet for Otta-Dombåsbanen som sto på Dombås stasjon. Jernbane-museet på Hamar har fått kopi av utstillinga og ho vil truleg bli synt fram der sommaren 2014.

Vi har arbeidd med nettutstilling om "Pakka" frå Kringen-jubiléet i 1914. Utstillinga blir lansert i mars 2014. Vi har levert stoff og biletmateriale til fleire større "historiske" artiklar i lokalavisa Vigga. Vi har ordna og levert bilete til "Lesjakalenderen". (Samarbeid med Lesja skulemusikk) og levert bilete til skuleprosjekt i samband med grunnlovs-jubiléet i 2014.

C og E Vågå I arbeidsåret har vi fått inn mange store og interessante arkiv. Gjennom NAV har vi samarbeidd om ein praktikant i hausthalvåret og har kunna gjort unna mykje registreringsarbeid. Dette kjeldestoffet har vi formidla både til lesesalsgjestar, og arkivleiaren har orientert på møte i Gudbrandsdal Slektshistorielag. Vi har hatt godt frammøte på lesesalen gjennom året.

Arkivleiaren har vore danseinstruktør for dei yngste årsklassane i Vågå og for ungdomsskulen i Skjåk. Arkivet har hjelpt til med ei utstilling om felemakaren Ola Eide. Arkivleiaren har (i ferien!) formidla springleiktradisjonar frå Nord-Gudbrandsdalen til 85 amerikanarar på ei veker work shop i New Hampshire.

Avd 6 Ringebu Stavkyrkjeutstilling Vi har formidlat utstillinga gjennom den kulturelle skulesekken. Utstillinga har og vore eit obligatorisk besøk gjennom gruppevandringane til Pilegrimssenter Dale-Gudbrand.

I 2013 vart det rigga til eit filmframsyningsrom der vi synte film av Per Åsmundstad som fortel om kyrkjestaden og lokale tradisjonar knytta til stavkyrkja. Filmen er produsert av Lars Tvette. Dette har vore eit populært supplement til basisutstillinga.

Avd 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling Vi har hatt fleire skuleklasser på besøk, samt besøk av grupper som har hatt omvising.

Vi hadde ope i tida 20. juni til 15. august, 6 dagar i veka frå 10 – 18. Det har vore ein liten nedgang i antall besøkande.

Avdelinga har i 2013 skrivi fleire artiklar i pressa/årbøker/media om utstillinga. Foto-samlinga vart vinteren 2013 lagt ut og formidla på Digitalt Museum. Vi fekk raskt respons frå brukarar med ny informasjon.

Det var to nye utstillingar i 2013 produsert av museet: Kess og Karpolfamilien.

Avd 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand Pilegrimsleiar har vore foredragshaldar med 4 foredrag med forskjellige tema relatert til Pilegrimsleden.

Pilegrimssenteret leia Langvandringa frå Lillehammer til Otta, der Pilegrimssenter Dovrefjell tok over. I år var det ca. 20 deltakarar på strekninga. I tillegg tok Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard ansvaret for gruppe II frå Dovre til Oppdal.

Vi arrangerte visningstur for turoperatørar frå utlandet i samarbeid med Lillehammer Turist og Innovasjon Norge. Pilegrimssenteret var og vandringsleiar for ei turistgruppe frå Activ Travel NorWay.

I tillegg arrangerte Pilegrimssenteret, i samarbeid med DNT og Per Gynt AS, to vandringar langs Pilegrimsleden gjennom midtdalen. I 2013 var Pilegrimssenteret med som leiar på 3 skulevandringar.

Direktøren har og vore sterkt involvert i formidlinga av pilegrimsleden/senteret og har skrivi fleire artiklar.

Avd 10 Norsk fjellmuseum



Utstillingar: Vi har hatt utstillinga "Kjortelen frå Lendbreen" – det eldste klesplagget i landet som vart avduka på Norsk Fjell-museum 15. juni, og det har gjeve museet stor merksemd og godt besøk dette året. Det er og gledeleg at skular i området har nytta høve til å besøke museet for og sjå det unike klesplagget.

Utstillinga "Ut av isen" fekk med Kjortelen eit unikt supplement til dei utstilte arkeologiske funna frå Lendbreen i Breheimen nasjonalpark.

I tillegg har vi også synt fram gjenstandar i "Ferskvaredisken" med funn direkte frå fonnene. Dette er ein spanande formidlings-løysing som vekker interesse blant dei besøkjande i museet.

Av permanente utstillingar har fjellmuseet i tillegg "Norske høgfjell" og "Jotunheimen-utstillinga".

Skuleopplegg: Vi har skuleopplegg knytt til steinalder, jernalder og bronsealder og eit fellesopplegg for alle 4 klassene i Norddalen kalt "Barske glæder".

Anna formidling: I november arrangerte museet i samarbeid med fleire eit seminar knytt til Dei brearkeologiske funna og fleire kurs i ulike gamle handverksteknikkar. Både seminaret og kursa var godt besøkt.

Avd 11 Gardsbutikken Avdelinga har 2013, i samarbeid med Pilegrimssenter Dale-Gudbrand, arbeidd med formidling av Dale-Gudbrand Gard sin historie. Vi har hatt ansvaret for utstillinga Arkeologi og E6, som vart lett revidert etter forskinga vinter 2012/13. Utstillinga har vore godt besøkt.

5. dokumentasjon

Avd. 2a Lom bygdamuseum I samband med vatning og korndyrkingsprosjektet har museet dokumentert heile prosessen frå pløying til maling av korn med fotografi og video. Museet har også digitalisert dokumentasjonsprosjekter frå 80- og 90 talet som låg på VHS og 8mm kassetar.

Avd. 4 Jutulheimen I samband med 50 års feiringa av skiløparane vart utstillinga og foredraget dokumentert med bilete. Minnebokutstillinga

vart og dokumentert ved bilete og nedskrivning av minnebokversa funne i minnebøkene. Anna aktivitet har vorte dokumentert gjennom fotograf-ering, slik som dagnadar og aktivitet på tunet.

Avd. 5 Opplandsarkivet Folkemusikkarkivet for nord-dalen har video-dokumentert ein eldre tradisjonsberer i dans; ein 93-årig springleikdansar.

Vågåarkivet fekk fint presseoppslag i lokalavisene da vi opna arkivet att etter ombygginga av magasinet, og det førte til at kjennskapen til arkivet auka. Vi har i meldingsåret fått mange nye arkiv og tillegg til tidlegare innsamla. Med ekstra innsats og ressursbruk på registrering, er vi meir allsidig rusta til å dokumentere lokalhistoria.

Folkemusikkarkivaren i midt-dalen har vore med og gitt informasjon til forskingsprosjektet/boka om "Utveggar til vatn" som blir gitt ut i i2014 og til arbeidet med "Oppland 1814"-boka.

Avd 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling Gjennom arbeidet med forfølginga av jødar/Karpolfamilien og historia om motstandskvinna Sigrid Nordrum har avdelinga fått dokumentert og formidla viktige hendingar i Gudbrandsdalen, både fysisk i samlingane, og formidla gjennom artikkel i Hemgrenda, utstillingar og Digitalt Museum.

Avd 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand Gjennom arbeidet med guideboka har vi dokumentert Pilegrimsleden og kulturminna langs Pilegrimsleden frå Brøttum/ Vingrom til Dovrefjell med gps og fotodokumentasjon. Pilegrimsleden er godt beskrive gjennom dette arbeidet.

6. Bygg/antikvarisk arbeid

Ved ei omrokking av funksjonar ved museet har vi brukt kvar tilsett sin kompetanse på ein meir rasjonell og fagleg måte. Dette gjeld og vår bygningsvernrådgevar i 100 % stilling.

Han er bygningsrådgevar i eit nettverk av likestillingar lokalisert ved regionmusea – og drifta i godt samarbeid med Oppland fylkeskommune. Han har nå ansvar for det antikvariske arbeidet ved museumsavdelingane våre saman med avdelingsleiar. Han gjer noko sjølv, men i hovudsak leiger vi inn lokal handverkar.

Lom Bygdemuseum, Presthaugen, avd 2a Vi har hatt møte og befar- ing med gjennomgang av framtidig behov og prioritering saman med eigarstiftinga/Lom kommune. Referat med prioritering er laga. Det er reinska mose på taka, for å minske fuktpåkjenning på treverk og fjerna torv på smia, for å koma raskare i gang med ny tradisjonell tekking på smia 2014.

Det er og inngått omforeina avtale om ansvarsfordeling mellom eigar og museet ang. drift og skjøtsel.

Lesja bygdetun, avd 3a På jaktbua vart taket tekt med tradisjonell tekking, never og torv. Ein handverkar var innleigd for oppgava i tillegg til eige personale. Det vart forsøkt litt ulike løysingar innafor lokal/regional tradisjon og vi har sikra oss erfaringstal om tidsbruk og kostnader.

Vi har restaurert vindu med innleigd håndverker på Ulateigstugu, Fargeriet og smia. Vi har hatt møte med gjennomgang av framtidig behov og prioritering saman med eigarstiftinga. Vedlikehaldsrapporten er lagt til grunn for prioriteringane framover, men det er utarbeidd eige arbeidsplan med budsjett for 2014.

Jutulheimen, avd 4 Vi har hatt- møte med gjennomgang av framtidig behov og prioritering saman med eigar, Vågå Historielag. Det vart ein god diskusjon og oppklaring av roller, forventningar og moglegheiter innan økonomisk rekkevidde.

Det vart løyvd pengar frå Gjensidigestiftelsen til nytt scenebygg (Jutulrock initiativtakar). Prosjektet er ikkje sett i gang, det er meir omfattande enn det som vart lagt til grunn i søknaden og det trengs avklaring frå dei involverte om løysing og bruk.

Det som står att av ekstraordinære midlar til *vedlikehald er prioritert for bruk som eigeninnsats* i prosjektsøknadar.

Stiftelsen Ringeby Prestegard, avd 6 Dei har fått tilskott, og gjennomført omtrekking av taket på vognskjulet. Vidare arbeid med istandsetting for ny bruk kjem i 2014, men er drøfta med museet.

Taket på stabburet er ferdig tekt, det vart ein prosess med styremaktene om eventuell dispensasjon for ny type skifer på ei eller baa sider. Stiftinga har stått for utføring og styring av arbeidet.

Rådgjeving og arbeid hjå private Det har vore stor pågang frå april til november. Søknadsfristar for SMIL-midlar er vår og haust. Frist til Kulturminnefondet er 1. november.

Ein god søknad krev grundig planlegging, både praktisk gjennomføring/løysingar og person-ressursar, økonomi og kunnskap. For mange eigarar opplevast ulike støtteordningar som eit stort byråkrati. Det er difor viktig for oss med oppfølging undervegs der det trengs. God kontakt med handverkarar og forvaltning ein føresetnad for godt resultat.

Det har vore jamn fordeling av brukarar, men mest sentralt i Nord-Gudbrandsdalen. Kjennskap til tenesta er tydelegvis "ferskvare". Einzelte kommunar er flinke til å nytte tenesta i samband med SMIL-saker, og det er godt samarbeid.

Norsk Kulturminnefond nyttar seg og av tenesta for å sikre seg naudsynt kompetanse i saker dei er inne i, og det blir oppfatta veldig positivt at museet bidreg til kvalifisert bistand i private prosjekt.

Anslagsvis omfattar planlagt og omsøkt arbeid i 2013 var ca 20 mill., derav minst 1/3 private midlar. I samband med tilskott frå Oppland fylkeskommune/ RA har vi hatt utvida ansvar for oppfølging av einzelte større istandsettingsarbeid på freda anlegg.

Det er under planlegging to nye landbruksbygningar og fjøs inntil freda tun i nært samarbeid med eigar. Gudbrandsdalmusea har stått for gjennomføring av vindusrestaurering på freda anlegg. Ein handverkar innleigd i dette høve i tillegg til HS.

7. Mangfald og universell utforming

Felles Direktøren var i 2012/13 mentor i NHO og Innovasjon Norge sitt program Global Future. Her fekk museet del i interessante og relevante nettverk i Innlandet, og kjennskap til mykje variert kompetanse og fleirkulturelle drøftingar.

Avd. 5 Opplandsarkivet

A Skjåk Det er universell utforming i lesesal/arkiv. Arkivet er i gang med til rettelegging av arbeidsplassane i tråd med HMSplan. Dette arbeidet er ikkje full-ført. Planane for korleis dette kan gjerast best råd har teke tid.

Arbeidet vårt tek sikte på å omfatte heile spekteret av arkivalia innan vårt lokalsamfunn. Sjølv om dette er vanskeleg, ligg intensjonane der. Arbeidet med å få inn dei mange tilleggga i 2013 er eit uttrykk for dette. Vi prøver å vere tilgjengelege overfor ulike grupper av innbyggjarane, både lokalt og utanfor vårt distrikt.

Arkivet har ført vidare avtale om språk-praksis plass for innvandrarar i kommunen. Dette har vi hatt stor glede og nytte av. Mange innvandrarar sit inne med personlege eigenskapar og mykje fagkunnskap, som vi kan dra nytte av. På slutten av 2013 har vi saman med folkebiblioteket inngått avtale som knyter oss opp mot NAV.

C og E Vågå I det store arkivet etter Martinus Høgåsen kan vi dokumentere eit langt og allsidig liv. DNB-boksane viser oss ei mangfaldig samfunnsutvikling, t.d. og gardsarkivet frå Uppigard Kvarberg fører oss attende til mellomalderen.

Det er stor spennvidde og rikt mangfald å finne i arkivboksane i kjellarmagasinet på Gammalbanken i Vågå!

Avd 7 Gudbrandsdal Krigsminnesamling Avdelinga har gjennom HMS arbeid eit godt arbeidsmiljø og har i 2013 hatt fornøgde tilsette. Gjennom samlingsplanarbeidet, som starta i 2013, vil mangfald gjere seg gjeldane. Arbeidet med den jødiske familien Karpol frå Fron brakte fram aktuelle problemstillingar i høve integrering.

Avd 8 Pilegrimssenter Dale-Gudbrand Gjennom HMS arbeidet i Gudbrandsdalsmusea sikrar vi arbeidsmiljøet ved avdelinga. Pilegrimssenteret har i 2013 gjennom arbeidet og prioriteringane medverka til at dei regionale mål-settingane i strategiplanen har vorte ivareteken.

Senterleiaren var vandringsleiar for ei gruppe frå vaksenopp-læringa i Ringebu. Her var det med folk frå mange ulike nasjonar.

Avd 11 Gardsbutikken Avdelinga har gjennom produktutvalet ei god regional tilknytning. Det er diverre ikkje universell utforming i pilegrimssenteret/gardsbutikken.

Tilsette ved Gudbrandsdalsmusea i 2013

Faste stillingar

Benedicte Friis Furulund, avdelingsleiar for Lesja Bygdemuseum og Einbustugu, samt leiar for marknadsarbeidet og heimesider.

Elisabeth Holshagen, avdelingsleiar Jutulheimen og ansvarleg for skuleformidlinga.

Erik Bjørke, arkivleiar folkemusikkarkivet for midt-og sørdalen.

Gunhild Høvik Hansen, regional arkeolog.

Håvard Syse, bygningsvernrådgjever og ansvarleg for det antikvariske arbeidet ved friluftsmusea.

Kjell R. Voldheim, industriregistrator og ansvarleg for bergverks-utstillinga.

Ola Tovmo, arkivleiar Dovre

Per Gunnar Hagelien, senterleiar for pilegrimssenteret og avdelingsleiar for Dale-Gudbrands gard, Ringebu Prestegard og Gudbrandsdal Krigsminnesamling.

Stein Grjotheim, arkivleiar Skjåk

Søren Hald, avdelingsleiar for Lom Bygdemuseum og stavkyrkjesenteret til sommar 2013, da gjekk han over til å vera samlingsansvarleg.

Thea Grobstock Dalen, (ny) frå medio sommar avdelingsleiar for all verksemd i Lom, herunder Norsk Fjellmuseum



Tor Stallvik, arkivleiar Vågå inkl. folkemusikk-arkivet for nord-dalen
Torveig Dahl, direktør

Engasjement

Monika Øyen, vikar for avdelingsleiar i Vågå og engasjement m formidling og tekstilregistrering.

Eirik Haugen, praktikant/registrator, Vågå

Oddleiv Ringlund, praktikant/registrator, Hundorp

Sommartilsette

Avd. 3 Lesja

Svein Stuen altmuligmann

Erik Bøe Nilsplass tunvert

Magnus Storhuag Rognerud tunvert

Fredrik Gangsås Hole tunvert

Håkon Norén tunvert

Sivert Heidsve tunvert

Hans Avdem tunvett

Lisa Råtrø tunvert

Marie Reslølkken tunvert Einbustugu

Friviljuge i arkiva

Gunnar Ottosen, Vågå

Sylfest Lykre, Skjåk

Tore J. Odden, Skjåk

Jørgen Bentsdal, Dombås

Jørgen Berg Domås, Dombås